

## KOMMISJONSVEDTAK

2011/EØS/71/34

av 11. april 2007

**om fastsetjing av overgangsføresegner for systemet for identifikasjon og registrering av sauer og geiter i Romania i medhald av rådsforordning (EF) nr. 21/2004(\*)***[meldt under nummeret K(2007) 1527]*

(2007/228/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,

med tilvising til tilmeldingsakta for Bulgaria og Romania,  
særleg artikkel 42, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I rådsforordning (EF) nr. 21/2004 av 17. desember 2003 om opprettelse av et system for identifikasjon og registrering av sauer og geiter og om endring av forordning (EF) nr. 1782/2003 og direktiv 92/102/EØF og 64/432/EØF<sup>(1)</sup> er det fastsett at alle dyr i ei driftseining som er fødte etter 9. juli 2005, eller når det gjeld Bulgaria og Romania, som er fødte etter tilmeldingsdatoen til desse statane, skal identifiserast innan ein frist på høgst seks månader etter at dyret er fødd og i alle tilfelle før dyret vert flytt frå driftseininga der det er fødd.
- 2) I medhald av den nemnde forordninga skal dyra identifiserast ved hjelp av eit øymerke og eit andre identifikasjonsmerke som er godkjent av den rette styresmakta, og som stettar visse tekniske kriterium.
- 3) Romania har ved brev av 22. januar 2007 bede om overgangsføresegner i eit tidsrom på eitt år når det gjeld identifikasjon av sauer og geiter i Romania, slik at dyra i dette tidsrommet kan identifiserast berre ved hjelp av eitt øymerke.
- 4) Romania har gjeve tilstrekkelege garantiar for at dei dyra som er meinte for handel innanfor Fellesskapet eller for eksport til tredjestatar, vil verte identifiserte i samsvar med forordning (EF) nr. 21/2004.
- 5) For at Romania skal kunne nytte identifikasjonssystemet sitt i endå eitt år, og for å sikre at dyr som er meinte for handel innanfor Fellesskapet og eksport til tredjestatar, vert identifiserte ved hjelp av to identifikasjonsmerke, bør desse dyra identifiserast i samsvar med fellesskapsreglane, bortsett frå at det identifikasjonsmerket som er fastsett i

forordning (EF) nr. 21/2004, kan påførast ved den driftseininga der dyra vert sende frå.

- 6) For å lette overgangen frå den eksisterande ordninga i Romania til den ordninga som er fastsett i medhald av forordning (EF) nr. 21/2004, bør det fastsetjast overgangsføresegner for identifikasjon av sauer og geiter i den nemnde medlemsstaten.
- 7) For å sikre kontinuiteten i bruken av det eksisterande identifikasjonssystemet for flytting innanfor landegrensene må dette vedtaket nyttast frå 1. januar 2007.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

**Identifikasjon av dyr i Romania**

Sauer og geiter som vert haldne i driftseingar i Romania (heretter kalla «dyra»), skal identifiserast før dei vert flytte frå driftseininga der dei vart fødte eller innan eit tidsrom på seks månader frå fødselsdatoen, alt etter kva dato som kjem først, ved hjelp av minst eitt øymerke som er påført ein identifikasjonskode for kvart dyr i samsvar med nasjonale reglar.

*Artikkel 2*

**Identifikasjon av dyr som er meinte for handel innanfor Fellesskapet eller eksport til tredjestatar**

Alle dyr som er meinte for handel innanfor Fellesskapet eller eksport til tredjestatar, skal identifiserast i samsvar med forordning (EF) nr. 21/2004, eventuelt i tillegg til det øymerket som skal nyttast i samsvar med artikkel 1 i dette vedtaket.

Som unntak frå artikkel 4 nr. 1 i forordning (EF) nr. 21/2004 kan identifikasjonsmerket som er nemnt i den nemnde føresegna, påførast ved opphavseininga, slik det er definert i artikkel 2 bokstav b) nr. 8 i rådsdirektiv 91/68/EØF<sup>(2)</sup>.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 98 av 13.4.2007, s. 27, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 132/2007 av 26. oktober 2007 om endring av visse vedlegg og protokoller til EØS-avtalen, se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 19, 10.4.2008, s. 1.

<sup>(1)</sup> TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 1791/2006 (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 1).

<sup>(2)</sup> TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19. Direktivet sist endra ved direktiv 2006/104/EF (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 352).

*Artikkel 3***Krav til transportdokument**

Transportdokumentet som skal følge med eit dyr kvar gong dyret vert flytta mellom to ulike driftseiningar innanfor det nasjonale territoriet, slik det er fastsett i artikkel 6 nr. 1 i forordning (EF) nr. 21/2004, skal innehalde identifikasjonskodane for kvart einskilt dyr slik det er fastsett i artikkel 1 i dette vedtaket.

*Artikkel 4***Brukstid**

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 2007 til 31. desember 2007.

*Artikkel 5***Adressatar**

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 11. april 2007.

*For Kommisjonen*

Markos KYPRIANOU

*Medlem av Kommisjonen*